



Røysterett for alle syng i Helgheim i kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret Røysterett for alle, som har basen sin i Uskedalen, har kome heim!

Dei har flytta øvingane sine, som finn stad kvar torsdag, frå gymnastikksalen i Bringedalsbygda Oppvekstsenter til Helgheim.

Den utløysande årsaken til flyttinga er at det vart for kaldt for koristane i Herøysund-salen, men dirigent Maria Malmsten peikar også på eit anna viktig poeng: Akustikken for korsong er mykje betre i Helgheim. med sin høgløfta sal og sine treveggjar.

- Eg har alltid vore begeistra for dette lokalet som songarena fordi Helgheim har det klart beste klangbiletet. I gamle trehus som dette blir det ein lun og god klang. Her forsvinn ikkje klangen, sa ho til uskedalen.no før øvingane starta i kveld.

På øvingsrepertoaret til koret no står frammfor alt Mariamusikken, som skal framførast i to kyrkjekonsertar midt i neste månad. Dei er i Kvinnherad kyrkje laurdag 13. mars og i Valen kyrkje dagen etter. I tillegg til koret blir det solistar, musikarar og resitatørar men programmet er førebels ikkje klart i detalj.

Av Ola Matti Mathisen



Det er lunare og betre Klang i Helgheim enn i gymsalen i Herøysund. (Foto: Ola Matti Mathisen)